

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1948

Namnet på vatnet

Ludre Lingsvold

Kommune

Bjerkreim

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

I N D R E V I N J A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 7. aug. 1978.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune og grensar for ein del etter riksvegen mellom Veen og Gloppedal, og med Vinjekula i aust. Arealet er godt og vel 100 ha. og h.o.h. 191 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er relativt grunt i den søre delen.

Stranda består av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er heller sparsam, men botngras og brasme-gras vil ein finna i strandsona, særleg i den søre delen.

Nedslagsfeltet femner om noko kultivert mark, men elles er det snauffjell og skogsmark med spreid bjørkeskog som dominerar.

Hovudtilsiga fell inn i søre delen. Det er Raudåna frå Litla Rolandsvatnet og helgåna frå Ramsvatnet. Bortsett frå desse fell det inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i søre delen og går til Ytre Vinjavatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Fargen på vatnet er blålig-grønn og indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 6.2 ute på vatnet, 6.4 i Raudåna og 6.8 i Helgåna. Dette er forbausande godt etter nedslagsfeltet å døma, så det må vera bergartene i undergrunnen som forårsakar ein så pass god pH.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.25 mg/l og den totale hardheita 3.00 mg/l. Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn og svingningane i pH skulle vera moderate gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 26.7

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 5 fåbørste mark, 4 vårflugelarver, 7 fjærmygglarver og 1 vasskalvlarve - i alt 170 individ pr. m².
5.0 meteren gav som resultat 5 vårflugelarver, 8 fjærmygglarver, 2 fåbørstemark og 1 igle - tilsaman 160 individ pr. m².

Mageprøver.


For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 5 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, vårflugelarver, biller, myggpupper, luftinsekter, vannkalv, linsekreps og bladlus. Ein ganske allsidig meny.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein mykje fattig prøve.

Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, røyr og ål. Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 15 aurar og 6 røyr. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av auren fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle aurance og av desse var 2 lys-røde - dei andre kvite i fiskekjøttet.

8 av fiskane (53%) var angripne av parasittar.

Vidare var der 9 hanfiskar og 6 hofiskar.


Medelvekta for desse 15 fiskane var 90 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter							
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år	8år
Medellengde i cm	5.3	9.9	15.1	18.5	20.7	23.7	25.1	27.3
Årleg lengdetilvz i cm	5.3	4.6	5.2	3.4	2.2	3.0	1.4	2.2
Antall fiskar	15	15	15	15	7	4	1	1

Medel kondisjonsfaktor = 0.87 tilseier mager, langstrakt fisk.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for auren i Indre Vinjvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Indre Vinjvatnet ein normal lengdetilvekst fram til 3 års alder, men etter denne tid går det jamt nedover. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sjølvst sagt finnast noko fisk som er vesentleg større enn dette såkalla "jagarar", men det er neppe mange av desse. Dette er då fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon i I. Vinjavatnet. Vidare at vatnet er sterkt overbefolka.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse relativt gode, og botnprøvene saman med mageprøvene syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er å finna.

Omfarfordelinga syner at det er småfisken som dominerar og over 70 % av fangsten vart teken på det eine garnet av omfar 30.

Storparten av auren har ein storleik på ca. 21 cm og kondisjonsfaktoren, saman med vekstkurven og parasittangrep, tilseier eit sterkt overbefolka vatn.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentlig rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setja sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt. Nedslagsfeltet for I. Vinjavatnet er noko skrint og den kultiverte marka i søre delen kjem ikkje så mykje vatnet til gode, då avlaupet ikke ligg langt unna tilsigsbekken.

Når dei kjemiske tilhøva likevel er såpass gode, kjem det av bergartene i nedslagsfeltet (glimmerskifer) og dermed blir den sure nedbøren nøytralisert.

Fisken vi fekk var av mindre god kvalitet, slik det vanlegvis blir i overbefolka vatn. Gode gytetilhøve i fleire av tilsigsbekkene fører årleg store årsklassar med yngel og småfisk ut i vatnet og blir ikkje denne årlege tilveksten hausta gir det seg utslag i vekststagnasjon og småfallen mager fisk.

Under prøvefisket vårt vart det også fanga 6 røyr. Dette var også fisk med dårleg kondisjon og 5 av dei 6 fiskane var angripne av parasittar.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til I. Vinjavatnet går saman og skipar til eit fiskelag og vidare at vatnet blir opna for stangfiske mot løysing av fiskekort.

Garnfiske må grunneigarane sjølv ha eineretten til.

Då vatnet er sterkt overbefolka, må ein drive ei storstilt utfisking i dei næraste åra framover. Dette gjeld både aure og røyr.

Som kjent oppsøker auren gytebekkene om hausten og det er her ein kan gjera dei store fangstane. Ved å montere ruser på høvande stader ved innfallsosane vil ein kunna fanga mykje av gytefisken. Rusene, med leiegarn, må setjast slik at dei fangar fisken då han skal opp i bekken og etter gyting kan ein snu desse og fanga fisken på utgåande. Ved å drive dette fisket i nokre år framover, vil ein mest år for år sjå korleis fiskekvaliteten betrar seg og fiskestorleiken aukar.

Når det gjeld røyra, så har denne stor formeringsemne, og utfiskinga må foregå på gyteplassane om hausten. Røyra gyt på steinut, hard botn og ein må prøve å lokalisere gyteplassane. Ved å setja småmaska garn her vil ein kunna ta ut mykje fisk. Kjøp inn 5-6 garn av omf. 26 og 30 og driv utfisking med desse. Garna kan godt setjast og trekkjast eit par gonger midt på dagen i tillegg til nattesett. Utfiskinga må halde fram inntil ein har oppnådd røyr av matnyttig storleik (4-5 pr. kg.) og fullgod kvalitet.

Ved å gjennomføra dei tiltaka som er peika på, skulle ein innan få år få fram ein mykje brukbar fiskestorleik og fiskekvalitet i I. Vinjavatnet.

Då vatnet ligg særst lageleg til for sportsfiske, skulle grunneigarane kunne få inn nokre kroner ved sal av fiskekort og som i fyrste omgang bør nyttast til aktuelle kultiveringstiltak.

Om ynskjeleg vil underskrivne vera hjelpesam med å setje dei praktiske tiltaka ut i livet.

Stavanger 6. mars 1979

Einar Berg